



## // REFERAT

Møte nr. 2/2024

// Møtedato: 11.4.2024

// Til stede:

**Medlemmar:**

FFO Vestland – Nounshine Zaeri Loolani  
FFO Vestland – Gunn Sande  
FFO Vestland – Åslaug Kalstad  
    ➤ *Medlem i redaksjonsrådet*  
FFO Vestland – Nina Sevaldsen - Teams  
LO Vestland - Elise Dāvøy  
SAFO Sørvest – Ingeleiv Haugen  
SAFO Nordvest - Anne Pia Nygård  
Vestland Innvandrerråd – Joyce Breeze Kamara  
Unge Funksjonshemmede – Heidi Melum - Teams  
    ➤ Medlem redaksjonsrådet

**NAV Vestland:** NAV Vestland – Frode Storvik, avdelingsdirektør  
    ➤ *Nestleiar i utvalet og medlem i redaksjonsrådet*  
NAV Vestland – Lars Vagle Stangeland, seniorrådgjevar  
    ➤ *sekretær for brukarutvalet og redaksjonsrådet*

**NAV Ytelseslinja:** Kåre Gert Monsen Avdelingsdirektør  
**NAV Kontaktsenter Vestland** Bente Brathagen Avdelingsdirektør

Vara: Kreftforeningen – Arvid Åsen  
FFO Vestland Tordis Søvde

Forfall: FFO Vestland – Marita Aarvik  
Kreftforeningen – Roald Nystad  
F2F Hordaland – Warren S. Eversley  
proLARnett Norge – Christine Lønne  
NAV Hjelpemiddelsentral Vestland - Frode Hovland

// Referent: Lars Vagle Stangeland - NAV Fylkeskontor Vestland

**NAV VESTLAND // ARBEIDS OG VELFERDSETATEN**

Postadresse: Postboks 284 // 5804 BERGEN

Besøksadresse: C. Sundtsgt. 29, 8. etg. // Bergen  
Tel: 900 15 452 //

www.nav.no //

## Møte i brukarutvalet 11.4.2024

	Sak	
8/24	<u>Godkjenning av innkalling og referat – Status for logg over saker handsama i brukarutvalet</u>	<p>Møtet starta med ei presentasjonsrunde sidan det er mange nye medlem i Brukarutvalet.</p> <p>Det var fleire representantar som ikkje hadde greidd å opne innkallinga. NAV Vestland vil følgje opp kva som kan ha skjedd</p> <p>Referat frå møtet den 15/2-24, og innkalling til dagens møte blei godkjent. Gjennomgang av logg tatt til orientering</p> <p>Møtekalender for 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>○ Torsdag 15/2-24 kl. 12:15</li><li>○ Torsdag 11/4-24 kl. 12:15</li><li>○ <del>Torsdag 6/6-24 kl. 12:15</del> - Utgår</li><li>○ Torsdag 19/9-24 kl. 12:15</li><li>○ Torsdag 14/11-24 kl. 12:15</li></ul> <p>Det blir sendt ut plasshaldar i Outlook for dei resterande møta i 2024</p> <p>Opplæring ifbm brukarmedverknad. Dei organisasjonane som har opplæringsmoglegheiter sender informasjon og evt. lenker til sekretær for utvalet, <a href="mailto:Lars.vagle.stangeland@nav.no">Lars.vagle.stangeland@nav.no</a> som deler dette med medlemmene i brukarutvalet.</p> <p>Det kom innspel på at det også bør bli tilbydd ei opplæring for medlem i brukarutvalet om NAV si organisering, korleis beslutningar skjer, og grensesnitt mot politisk leiing.</p>
9/24	<u>Kort orientering om status frå Einingar i NAV</u>	<p><b>Bente Brathagen, NAV Kontaktsenter</b></p> <p>Kontaktsenteret har for tida ganske lange ventetider. Dett skuldast mellom anna at dei har fått nye oppgåver, utan at alle medarbeidarane som skal handtere dette er på plass enno. Dette gjeld mellom anna at kontaktsenteret skal ta i mot henvendingar frå advokater, forsikringsselskap og andre som skal ha kopi av vedtak og sakspapirer til brukarar. I denne samanheng er det tilsett ca 50 nye medarbeidarar i Noreg, vera litt kø fram til dette er kome i gjenge.</p> <p>Brukarane oppmodast til å nytte tilbakering-funksjonen. Brukarane beheld plass i køen, men blir ringt tilbake berre ein gong.</p> <p><b>Kåre Gert Monsen, NAV Ytelseslinja</b></p> <p>Eininga forvalter pengane som går til brukarane. Dei vurderer ein ny origanisering som forhåpentlegvis vil effektivisere handsaminga av ytingane mellom anna ved å tydeleggjere ansvaret på leiarnivå.</p> <p>Det er brukerrepresentantar som er involvert i denne prosessen.</p> <p>Elles er det lang sakshandsamingstid på desse felta: <u>Daqpenqar, Arbeidsavklåringpenqar og gravferdsstønad</u>. Både arbeidsprosessar og IKTLøysingane er under oppdatering, slik at dette vil betre seg mykje.</p>

		<p><b>Frode Storvik, NAV Fylkeskontor Vestland</b>  <u>1/3 av dei som er registrert på NAV-kontora nå, er flyktingar frå Ukraina.</u> Oppfølginga av desse varierer veldig frå kommune til kommune. Dei sist ankomne er svakare enn dei som kom tidlegare. Dei har større helseutfordringar på grunn av eit helsevesen i Ukraina som ikkje er i stand til å gje adekvat helsebistand. Førstebels er det ikkje registrert flyktingar frå Palestina/Gaza.  <u>1/3 av dei registrerte er ungdom.</u> Ledigheita for dei unge auker. Kan sjåast i samanheng med at det er mykje diagnoser knytt til psykiske lidningar.  1/3 utgjør resten og kan definerast som <u>“ordinære arbeidssøkarar”</u> utan ekstra bistandsbehov.</p> <p>Andre trendar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi hadde høgt sjukefråvær i fjor</li> <li>- Ledigheita er låg</li> <li>- Tal utlyste stillingar auker</li> <li>- Mismatch mellom kompetansen til dei ledige og kompetansekrav for dei stillingane som er utlyst</li> <li>- Ytingane auker for dei eldre, og det blir færre personar i arbeid pr. borgar som lever på ei offentlig yting/pensjon.</li> </ul> <p><u>Ungdomsgarantien:</u> Maks 50 ungdomer pr sakshandsamar (16-30). Dette er gjennomført. Men dette betyr at andre brukargrupper må handterast av færre sakshandsamarar.</p> <p>Arbeidsmarknadstiltak nyttast for å styre utviklinga særskilt for å hindre/korte ned ledigheit for flyktingar og ungdom. Tiltak hos arbeidsgjevarar, særskilt lønstilskot har vist seg mest effektivt. Når det gjeld Ukrainarane er det ofte samansette problemstillingar, der utfordringar med å finne høveleg bustad er eit problem som blir meldt frå alle kommunane. Elles differensierer ikkje NAV i utgangspunktet sine tiltak i høve kva land brukarane har flykta frå.</p>
10/24	<p><u>Oppspel til førespurnad om tema og saker som særskilt kan vera av interesse frå og for unge medlem i organisasjonane.</u></p>	<p><b>Heidi Melum, Unge funksjonshemma</b>  Det skjer mykje spennande i samanheng med ung brukarmedverknad, og ho orienterte litt om dette. Ho deltek nå i Erasmus + fascility-training/Workshop i Litauen. Dette skjer i samarbeid ned fleire andre land. Ho er også med i ein arbeidsgruppe som skal førebu ei workshop i Ålesund den 4-6/6-24, der også unge brukarrepresentantar frå NAV Vestland er representert. Det kan vera aktuelt med internasjonal representasjon i denne workshopen.  Leiinga i NAV Vestland prioriterer arbeidet med ung brukarmedverknad høgt. Det kan vera aktuelt med representasjon også frå andre. Brukarutvalet blei oppmoda til å vurdere om det kan vera andre brukarrepresentantar med ungdomsbakgrunn som kan vera aktuelle for deltaking i workshopen i Ålesund. Om dette ikkje er aktuell nå, så kan dette vera aktuelt seinare, særskilt i samband med oppfølginga av det som blir resultatet av workshopen i Ålesund.</p>
11/24	<p><u>Samarbeid mellom NAV og Vestland fylkeskommune/utdanning ssektoren. Derunder</u>  - <u>Studiar med støtte</u></p>	<p><b>Egil Arne Aas, NAV Vestland</b>  Det visest i heilskap til presentasjonen som han gjekk gjennom i møtet. Denne ligg som vedlegg til dette referat.  I ordskiptet under og etter gjennomgangen, kom mellom anna dette fram:  Det er det gjeldande regelverk som bestemmer innhald og varigheit i opplæringa, og dette blir som hovudregel følgd. Men her er det litt forskjell på unge og på vaksne. Det er fylkeskommunen som setter opp eit opplæringstilbod, men der deltakarane får stønad og oppfølging av NAV. Det er også særskilte opplæringsløp som</p>

	<p>- <u>Studiepermisjon under sjukdom</u></p> <p><u>Dialog</u></p>	<p>er tilpass/forsterka, der lengre varigheit er ein del av tilpassinga. Til dømes kombinert språkoppplæring som treng meir tid.</p> <p>Det er fleire som kan ha ein utdanning som dei ikkje får nytta, anten på grunn av mangel på ledig jobb, eller også mangel på godkjenning av utdanninga frå NOKUT. Desse kan gjerne ha jobb i heilt andre fagområde, men ønsker å nytte utdanninga si. Då dei gjorde eit utdanningsval i heimlandet, låg det til grunn håp og draumar. Når ein som fordriven frå heimlandet kjem til Noreg og ikkje før godkjent utdanninga skjer det noko både med sjølvtilitt og det psykiske. NAV kan i liten grad gjere så mykje her: NAV vil gi bistand til dei som ikkje er i jobb til å komme i jobb. Men viss manglande bruk av kompetanse fører til sjukdom kan det i nokre tilfelle vera aktuelt med omskolering der NAV kan bidra med rettleiing og støtte. Men alle må vurdere dei moglegheitene som finns og tilpasse kompetansen/omskolere seg slik at dei aukar sjansen for å få ein jobb dei trivst med. NAV kan uansett gi rettleiing.</p> <p>Det er kome ny opplæringslov som vil gi ein del endringar særskilt for vaksne (over 19 år). Denne tre i kraft frå hausten. Denne gir utvida rettar i høve den gamle opplæringslova.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fullføringsrett</li> <li>- Rett til omval</li> <li>- Rett til re-kvalifisering</li> <li>- Modulbasert fag- og yrkesopplæring for vaksne (Frå 19 år)</li> </ul> <p>Det blir laga nye samarbeidsavtaler i samband med den nye lova.</p> <p>Det blei elles kommentert at ein del klassar i vidaregåande skuler er varsla lagt ned. Dette vil føre til at fleire unge med utfordringar er nøydt til å flytte på hybel når dei skal ta utdanning, noko som kan føre til enda større utfordringar med fråvær og anna. Heller ikkje i høve dette kan NAV gjera så mykje, men brukarorganisasjonane er oppmoda om å ta dette vidare i sine kanalar i samband med budsjetthandsaming og avgjersler i politiske organ.</p>
12/24	<p><u>Eventuelt (Derunder innspel frå formøtet)</u></p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. <u>Innspel frå ein av organisasjonane:</u> Dette gjaldt tilbakemelding frå brukarar som ved fleire høve har opplevd uheldig handsaming i sin kontakt som langt i frå er i samsvar med forventingane. Ein meiner opplevingane er systematisk og gjentakande ved eit særskilt kontor. Saka gjeld kommunale tenester. Organisasjonen som kom med innspelet vil syte for å skrifteleggjere saka, slik at den kan handsamast vidare i NAV.</li> <li>2. Det er behov for informasjon om reglene knytt til <u>AAP der brukarar kombinerer ytinga med jobb</u>. Det opplevast som om reglene er for rigide. Temaet blir sett opp som eiga sak i neste møte.</li> <li>3. <u>NAV sine rådgjevande overlegar overprøver sjukmeldingar</u>. Temaet blir sett opp som eiga sak i neste møte.</li> </ol>
	<p><u>Avslutning og oppsummering</u></p>	<p>Frode Storvik takka for godt møte og ønskte alle vel heim.</p>

Neste møte i strategisk brukarutval i NAV Vestland var sett opp til 6/6-24, men utgår då det samstundes blir arrangert Workshop for ung brukarmedverknad i Ålesund.

**Neste møte i brukarutvalet er 19/9-2024**



**Samarbeid mellom NAV og Vestland  
fylkeskommune/utdanningssektoren**



# Agenda

- Samarbeid; innhold og form
- Studier med støtte
- Studiepermisjon under sykdom
- Dialog

# Samarbeid og samarbeidsavtaler

*Forventninger om økt samarbeid mellom fylkeskommunen og NAV*

En overordnet avtale med tre tilhørende underavtaler:

- Samarbeid om unge utenfor opplæring og arbeid
- Samarbeid om fag og yrkesopplæring
- Samarbeid om karriereveiledning



# Hovedstruktur

- Fylkeskommunen tilbyr og gjennomfører opplæring
- NAV gir støtte under opplæring (økonomisk og oppfølging)
  - Det samarbeides om forsterkede opplæringsløp for noen grupper
  - NAV anskaffer opplæring gjennom anbudskonkurranser

# Ny opplæringslov

- Fullføringsrett
- Rett til omvalg
- Rett til re-kvalifisering
- Modulstrukturert fag- og yrkesopplæring for voksne (fra 19 år)
- (Det skal lages nye samarbeidsavtaler i forbindelse med ny opplæringslov)

# Høyere utdanning

- Tar i bruk tilgjengelige studieplasser og det søkes på ordinært vis (samordna opptak)
- NAV gir støtte under opplæring (økonomisk og oppfølging)

# Studier med støtte mm.

- Et anskaffet tiltak, ekstern leverandør. Pr. nu er det A2G som leverer denne tjenesten.
- Tiltaket skal gi den enkelte deltaker individuelt tilrettelagt oppfølgingsbistand som er nødvendig for å gjennomføre opplæringstiltak på minimum videregående skoles nivå. Tiltaket kan også brukes ved påfølgende overgang til ordinært lønnet arbeid.
- Aktuelle deltakere er personer som har godkjent opplæringstiltak gjennom NAV og som følge av psykiske helseproblemer eller kognitive svekkelser har behov for en mer omfattende oppfølgingsbistand enn det Arbeids- og velferdsetaten kan tilby.

- 
- NAV tilbyr også støtte under opplæring i form av egenregitjenester gjennom ordningene «Arbeid med støtte» og «IPS – individuell jobbstøtte»
  - Nav sin mentorordning: frikjøp av medelev som kan gi støtte under opplæring (praktisk hjelp og hjelp til organisering av skolehverdagen)

# Studiepermisjon under sykdom

- Utdanningsinstitusjonene som definerer og bestemmer.
- Hvis det i opplæringen også gis økonomisk støtte fra NAV, må avbrudd/permisjon godkjennes og avklares med NAV. Dette for å sikre fortsatt økonomisk støtte ved gjenopptakelse.

# Logg for saker handsama i Strategisk brukarutval i NAV Vestland – Status for oppfølging

Gjeldande frå 13/9-2023

Saksnr:	Overskrift	Oppfølgingsaktivitet	Ansvarlig	Frist	Status
12/4-24	NAV sine rådgjevande overlegar overprøver sjukmeldingar	Utsettast til møte den 19/9-24. Koordinerande rådgjevande overlege, Kristin Buhaug inviterast med i møtet	NAV Vestland	19/9-24	Under arbeid
12/24-2	Rigide regler i samband med å kombinere AAP med arbeid	Utsettast til møte den 19/9-24	NAV Vestland	19/9-24	Under arbeid
12/24-1	Eventuelt	Serviceklagar ved eit Bergenskantor. Medlem som har meldt saka blei oppmoda om å sende skriftleg dokumentasjon/beskriving av tilhøva slik at NAV Vestland får anledning til å følgje dette opp.	Medlem som meldte saka	19/9-24	Under arbeid
11/24	Samarbeid mellom NAV og Vestland fylkeskommune/utdanningssektoren.	Egil Arne Aas innleia til ordskifte	NAV Vestland	11/4-24	Løyst
10/24	Oppspel på førespurnad om tema og saker som særskilt kan vera av interesse frå og for unge medlem i organisasjonane	Heidi Melum innleia til ordskifte. Det er planlagt ein Workshop i Ålesund den 4-6/6-24 der NAV Vestland er representert.	NAV Vestland	11/4-24	Løyst
9/24	Kort orientering frå einingar i NAV	Representantar frå NAV presenterte status	NAV Vestland	11/4-24	Løyst
8/24-2	Opplæring om organisering av NAV	Det skal bli tilbydd ei opplæring for medlem i brukarutvalet om NAV si organisering, korleis beslutningar skjer, og grensesnitt mot politisk leiing. Men vi bør ha opplæring i kva er NAV, korleis er NAV Organisert, korleis er beslutningsvegane og grensesnitt mott den politiske leiing.	NAV Vestland	19/9-24	Under arbeid
8/24-1	Opplæring ifbm brukarmedverknad	Dei organisasjonane som har opplæringsmoglegheiter sender informasjon og evt. lenker til sekretær for utvalet, <a href="mailto:Lars.vagle.stangeland@nav.no">Lars.vagle.stangeland@nav.no</a> som deler dette med medlemmene i brukarutvalet.	Representantane for organisasjonane	19/9-24	Under arbeid
6/24	Kvar er NAV i høve pakkeforløp knytt til sjukehus. Skal også vera eit system for korleis pasientane blir følgt opp	Det er meldt behov for å ha dette som eige tema i utvalet. NAV Vestland undersøke dette før neste møte. <b>Oppdatert 11/4-24:</b>	NAV Vestland	11/4-24	Løyst

# Logg for saker handsama i Strategisk brukarutval i NAV Vestland – Status for oppfølging

Gjeldande frå 13/9-2023

	etterpå både av kommunane og av NAV.	Saka Blei orientert om i møtet i Brukarutvalet den 11/4-24			
5/24	Kort orientering frå einingar i NAV	Representantar frå NAV presenterte status		15/2-24	Løyst
4/24	Val	Val av leiar, nestleiar og Redaksjonsråd blei gjennomført		15/2-24	Løyst
3/24	Mandat for brukarutvalet – Gjennomgang, innspel og endring	<p>Opplæring av deltakarar i det regionale brukarutvalet: NAV Vestland vil følgje opp dette med det sentrale brukarutvalet slik at vi får oversikt over planlagde eller moglege opplæringsaktivitetar. Her bør også vara-representantane delta.</p> <p><b>Oppdatering:</b> Direktoratet eller andre i NAV har ikkje eit eige opplæringsopplegg for brukarutval. Dei legg opp til at slik opplæring skjer i regi av organisasjonane. Det er nokre informasjonsfilmar på YouTube om brukarmedverknad i NAV, mellom anna denne: <a href="#">Film Brukarmedverknad</a></p>	NAV Vestland	11/4-24	Løyst
2/24	Representantane for organisasjonane i utvalet presenterer seg	Dei som var til stades presenterte seg	Brukarutvalet	15/2-24	Løyst
1/24	Godkjenning av innkalling og referat	Referat, innkalling og status for logg blei godkjent		15/2-23	Løyst
22/23	Val	NAV Vestland sender ut oppmoding til organisasjonane om oppnemning av representantar til brukarutvalet. Val skjer når tilbakemelding har skjedd og utvalet er sett saman på bakgrunn av dette.	Sekretær	Snarast, seinast 15/2-24	Løyst
21/23	Evaluering av brukarutvalet	Gjennomført, ikkje behov for oppfølging			Løyst
20/23	Møtekalender for 2024	Godkjent			Løyst
19/23-2	2. Opplæringsbehov, derunder mandat for brukarutval for NAV Vestland	Mandat for brukarutvalet blir oppdatert og presisert, gjerne i dialog med det sentrale brukarutvalet, og deretter sendt ut til representantane i brukarutvalet før neste møte. (Framlegg sendt brukarutvalet med innkalling. Blir handsama i møtet den 15/2-24)	Frode Storvik	Snarast, seinast 010224	Løyst

## Logg for saker handsama i Strategisk brukarutval i NAV Vestland – Status for oppfølging

Gjeldande frå 13/9-2023

19/23-1	1. Logg for saker handsama av brukarutvalet	Det blei beslutta i utvalet at framlegg til logg blir teken i bruk og at denne skal følgje innkallinga til møta i brukarutvalet.	Sekretær	161123	Løyst
18/23	Kort orientering om status frå Einingar i NAV			161123	Løyst
17/23	Godkjenning av innkalling og referat	Godkjent	Brukarutvalet	161123	Løyst